



Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9722 - 21/86175

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
17.12.2021

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 188/5 Gjervik ytre**

Tiltak: Søknad om deling  
Byggjestad: Gbnr 188/5  
Tiltakshavar: Gjervikflaten 5 AS  
Ansvarleg søkjar: Jens Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.11.2021.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Parsellane som vert søkt frådelt ligg i uregulert område sett av til kombinert byggje- og anleggsformål i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen (KDP). Området er bandlagt for framtidig trasé for E39. Det pågår arbeid med kommunedelplan for E39. I tillegg er det eit krav i KDP at tiltak som fell inn under bygg og arealformål skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til mellom anna deling.

Søknad om deling kan ikkje handsamast før arealet er i samsvar med KDP. Eventuelt må det søkjast om dispensasjon frå krav om regulering.

- Før søknad om deling kan handsamast er det nokre formelle krav om tilknytning til infrastruktur som må vera på plass. Desse er nedfelt i plan- og bygningslova. Det må dokumenterast at parsellane har tilgang til vatn, godkjent avløpsløyse og ha sikra lovleg tilkomst. For dei to første kan det vere nok med førehandsløyve frå kommunen.
- I tillegg til ovannemnde punkt manglar søknaden gjenpart av nabovarsel samt at søknaden er sendt inn før fristen for å komma med nabomerknader var ute. Kommunen har derfor ikkje oversikt over om det er kome inn merknader frå naboane.

Bortsett frå at me har fått kopi av Vegvesenet sin merknad. Gjenpart av nabovarselet og eventuelle nabomerknadar må sendast inn og kommenterast.

- Situasjonsplanen er litt uklar i avgrensinga for tomt 1 mot nordaust.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.01.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Gjervikflaten 5 AS  
Jens H N Bjordal

levegen 211  
Grønlandsvegen 11

5917 ROSSLAND  
5918 FREKHAUG